

# Statusrapport 2020

Forskning i Helse Førde

Rapport utarbeidd av  
Marit Solheim, Forskingsleiar  
Guro Mjanger, Seksjonsleiar  
Seksjon for forskning og innovasjon

Ansvarleg: Utviklingsdirektør Anne  
Kristin Kleiven Helse Førde, 05.06.2020.

## Innhold

Statusrapport om forskning i Helse Førde .....	3
1. Forskingsaktiviteten i Helse Førde i 2019 .....	3
1.2. Avlagte doktorgradar i 2019 .....	8
1.3. Ressursbruk til forskning i HFD 2019.....	8
1.4 Midlar brukt til forskning i 2019 og finansieringskjelder for desse midlane .....	9
1.5 Kven bidrog til forskning i Helse Førde i 2019 .....	10
1.6 . Tematiske forskingssatsingar i Helse Førde .....	12
1.7. Prisar .....	13
2. Status aktivitet første halvår 2020 .....	14
2.1 Disputasar.....	14
2.2 Status søknader .....	14
2.3. Lokal behandling – internasjonal forskning.....	17
3.0 Kompetanse .....	18
3.1. Tilsette med doktorgrad.....	18
3.2. Tilsette i doktorgrads- og postdoktorløp.....	19
4.0. Kliniske behandlingsstudiar .....	21
5.0. Samhandlingsbarometeret og helseatlas.....	22

## Statusrapport om forskning i Helse Førde

Denne rapporten gir oversyn over rapportering for 2019, fokusområde og oppgaver i inneverande år, og omtalar planar for det vidare arbeidet.

Helse Førde måler aktiviteten gjennom budsjett, rekneskap, publikasjonar og anna formidling og avlagde doktorgradar.

Eit viktig satsingsområde er kliniske legemiddelstudiar. Dette er høgt prioritert nasjonalt. Helse Førde har fått på plass grunnkompetanse, men det er naudsynt å vidareføre og styrke dette arbeidet både med kunnskap og ressursar.

Det har også det siste halvåret vore høg aktivitet i dei to tematiske forskingsgruppene (Folkehelse, livsstil og overvekt, og Psykisk helse og rus). Dette året har dei samarbeidd tett om det felles forskingsprosjektet «NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems» (<https://app.cristin.no/projects/show.jsf?id=657406>). Prosjektet er inne i ein fase med stor aktivitetet knytt til datainnsamling. Dei fleste publikasjonane kjem i ein seinare fase.

Helse Førde er i gang med å trappe opp forskingsaktiviteten, og i 2019 har auka ressursar resultert i fleire prosjekt og betre støttesystem. I haust har det for første gong i Helse Førde vore lyst ut og tildelt ei open tematisk utlysing av stipendgaranti garanti for fullfinansiering.

### Juni 2020

#### 1. Forskingsaktiviteten i Helse Førde i 2019

Helse Førde har dei siste åra rapportert på forskings- og utviklingsaktiviteten på desse hovudområda: a) resultat i form av vitenskaplege publikasjonar, doktorgradar og eksternt finansiering til FoU og b) ressursar brukt til forskning og utvikling i form av kostnader finansiert frå eige budsjett og frå eksterne kjelder, og årsverk til forskning c) forskarpersonell inkludert kompetansenivå og fagprofil.

Frå 2019 skal det også rapporterast på klinisk behandlingforsking. HFD har sendt inn data, og nasjonalt er data under kvalitetssikring. Resultat vert publisert 1. juli.

Rapporteringa frå helseføretaka inngår saman med data frå universitets- og høgskulesektoren, forskingsinstitutta og næringslivet i nasjonal og internasjonal offentleg statistikk og som grunnlag for ulike analysar. Resultata inngår vidare i grunnlaget for den resultatbaserte tildelinga av forskingsmidlar til dei regionale helseføretaka.

## 1.1. Vitskaplege publikasjonar i 2019

Vitskaplege publikasjonar vil som regel komme på slutten av eit forskingsprosjekt. I eit mindre forskingsmiljø vil det vere variasjonar i publiseringstal og trekk ved publikasjonane frå år til år. Å vurdere forskingsaktivitet til enkeltpersonar eller enkeltprosjekt i form av vitskaplege publikasjonar i eit tidsvindaug på eitt eller to år er ikkje formålstenleg. Publikasjonar gjev imidlertid viktige indikasjonar for forskingsverksemda over tid, og når ein ser på større einingar. Ein bør derfor sjå på utviklingstrekk over fleire år, sjå figur 1.

For at ein artikkel eller eit bokkapittel skal bli godkjent som vitskapleg i det nasjonale systemet for vitskaplege publikasjonar og få publikasjonspoeng i dette systemet, må publikasjonen stette ulike krav. Publikasjonane må 1) vere utgitt i ein kanal (tidsskrift eller forlag) som er godkjent i det nasjonale systemet for vitskaplege publikasjonar<sup>1</sup> 2) stette kriterer i tråd med definisjonar frå OECD<sup>2</sup>. T.d. skal publikasjonane vere vurderte og godkjende av uhilda fagfeller. Publikasjonskanalane er delt inn i to nivå<sup>3</sup>. Nivå 1 gir normal utteljing og omfattar 80 prosent av dei vitskaplege artiklane. Nivå 2 gir ekstra utteljing i poengsystemet og omfattar dei tidsskrifta med høgast internasjonal prestisje. Dette utgjer 20 prosent av publikasjonane.

I 2019 publiserte forskarar i Helse Førde 36 vitskaplege artiklar, som er om lag det same talet som siste åra. I 2019 var 14% av artiklane på nivå 2. Denne andelen varierer frå år til år, men ser ein fleire år samla, ligg andelen om lag på dette nivået. Nasjonalt var andelen av artiklar på nivå 2 i 2019 23%, medan samanlikna med andre mindre føretak er 14% eit godt resultat. Rundt halvparten av artiklane har internasjonalt samarbeid. Sett over fleire år samla ligg andelen om lag på dette nivået. Samanlikna med nasjonale tal ligg vi om lag på same nivå som landsgjennomsnittet. Figur 1 viser trekk ved utviklinga i HFD i åra 2011-2019.


Samarbeid i forskning vert målt etter forfattaradresser på den enkelte publikasjon. Universitetet i Bergen (UiB), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Haukeland Universitetssjukehus (HUS) er på same måte som dei siste åra dei viktigaste samarbeidspartane.

---

<sup>1</sup> <https://dbh.nsd.uib.no/publiseringskanaler/Forside>

<sup>2</sup> <https://www.nifu.no/fou-statistiske/fou-statistikk/frascati/>

<sup>3</sup> <https://dbh.nsd.uib.no/publiseringskanaler/Forside>.




Figur 1: Vitenskapelige publikasjoner i Helse Førde 2011- 2019: Nivå, publikasjonspoeng<sup>4</sup>, forfatterandel og samarbeid<sup>4</sup>. (kjelde: www.cristin.no)

Psykiatrisk klinikk (PSK), fag- og utviklingsavdelinga (FAU) og avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (ANRR) er representerte med flest publikasjonar i 2019. Liste over vitenskapelige publikasjonar frå 2019 er vedlagt. Forfattarar med HFD-adresse er markerte i denne oversikten.

Då eitt år er for lite tidsvindauge til å seie noko klårt om aktiviteten, vert under resultat frå fleire år presentert. Tabell 2 ein oversikt over artiklane i åra 2017, 2018 og 2019 fordelt på klinikkane<sup>5</sup>, etter forfattarane sin tilsetjingsstad slik det går fram av forfattaradressa.

<sup>4</sup> Utrekningsgrunnlaget for publikasjonspoeng vart endra frå 2015, slik at tala før og etter 2015 ikkje er direkte samanliknbare .

<sup>5</sup> Stab og støtte vert her omtalt som ein klinikk



Figur 2: Vitskaplege publikasjonar fordelt etter klinikkar

Nokre artiklar har forfattarar frå to eller fleire klinikkar. I desse høva vert talet 1 delt mellom klinikkane.

Tabell 1 og 2 viser publikasjonar fordelt på avdelingar i perioden 2013 til 2019. Fordi ei avdelingane med mest publikasjonar vert årlege tal vist

Tabell 1: Avdelingar som har 10 eller fleire publikasjonar, fordeling av artiklar i perioden 2013-2019.

Avdeling	Klinikk	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	SUM 2013-2019
Fag og utvikling	S&S	9,8	17,7	4,5	9,0	13,0	13,5	14,5	82,0
Psykiatrisk klinikk	PHV	3,0	0,5	5,0	7,0	5,0	7,0	14,5	42,0
ANRR	MED	2,0	5,2	1,0	5,0	4,0	2,0	3,0	22,2
Kirurgisk	KIR	4,0	2,0	3,5	0,5	1,0	1,0	1,0	13,0
Mikrobiologisk	MED	1,0	2,0	1,0	0	2,0	4,0	0	10,0

Tabell 2: Oversikt avdelingar med opp til 8 publikasjonar samla for perioden 2013-2019.

Avdeling	Klinikk	Sum 2013-2019
PAT	MED	8,0
ØNH	KIR	6,0
KREFT	MED	6,0
KK	KIR	5,2
NPS	PHV	5,0
ORT	KIR	4,0
MED	MED	4,0
BUA	MED	3,0
ISP	PHV	2,0
AUGE	KIR	1,0
RADIO	MED	1,0
PHBVU	PHV	1,0
AAM	KIR	0,5

Nokre artklar har forfattarar frå fleire avdelingar. I desse høva vert talet 1 delt mellom desse avdelingane. Det er stor skilnad på tal tilsette i avdelingane. Likevel, med unntak av FAU er eit fellestrekk uavhengig av tal tilsette i ei avdeling, at det er ein-to personar i ei avdeling som står for hovudtyngda av publikasjonane. Når kirurgisk og ortopedisk avdeling har hatt ein tydeleg nedgang i publikasjonar, er dette knytt til at to aktive forskarar er slutta i HFD.

Fag- og utviklingsavdelinga (FAU) og Psykiatrisk klinikk (PSK) skil seg ut med jamnt høg publisering. Her er det nokre få personar som over fleire år har publisert jamnt og mykje. Dette er erfarne forskarar med sentrale roller i fleire prosjekt, dei fleste har også tilsetning ved eit universitet eller høgskule (uh-sektoren) og rettleier fleire PhD-stipendiatar. Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (ANRR) skil seg også ut med jamn publisering. Her er det eit miljø innan revmatologi med både eigeninitierte prosjekt og eit utstrakt lokalt (med HVL), nasjonalt og internasjonalt samarbeid. I desse tre avdelingane er det ein kombinasjon av artklar på prosjekt leia av forskarar i avdelinga, og prosjekt der ein er samarbeidspart utover å levere data. Å kun levere data til forskingsprosjekt stettar ikkje kravet til medforfattarskap. Patologisk avdeling er eit godt døme eit miljø som basert på eigne data jamnt publiserer artklar, trass i lite eksternt samarbeid.

Nokre forskarar er tilsette i fag- og utviklingsavdelinga av praktiske grunnar. Dette omfattar primært personar i små stillingar og gjeld forskning innan fedmekirurgifeltet. Om desse hadde vore tilsett i kirurgisk avdeling, ville det vore fleire artklar med forfattarar i kirurgisk klinikk og tilsvarande færre i stabsområdet.

## 1.2. Avlagte doktorgradar i 2019

At personar som har gjennomfått doktorgradsutdanning på ulike måtar kan bruke sin kompetanse vidare i forskning, er eit mål. Under vert det kort orientert om status på dette området for dei som har disputert i 2019.

Eili Nygaard Riise, Indre Sogn Psykiatrisenter, disputerte i mars 2019 ved UiB med avhandlinga «Concentrated exposure and response prevention for obsessive-compulsive disorder in adolescents: the Bergen 4-day treatment»

<https://www.uib.no/nyedoktorgrader/125241/behandling-av-tvangsliding-hj%C3%A5-ungdom-det-konsentrerteformatet> Doktorgraden var finansiert av UiB og HB, og Nygaard Riise starta i HFD mot slutten av stipendiatperioden.. Ho har fått interne forskingsmidlar for å forske vidare. Riise er tilknytt forskargruppa Psykisk helse og rus.

Kari Eldal disputerte 9. desember 2019 med avhandlinga «Sikkerhetsnettet som tek imot om eg fell – men som også kan fange meg. Korleis erfarer menneske med psykiske lidningar ei innlegging i psykisk helsevern? Eit samarbeidsbasert forskingsprosjekt mellom forskarar og brukarar». <https://www.uib.no/nye-doktorgrader/131835/vilbli-m%C3%B8tt-som-eit-heilt-og-ekte-menneske> Stipendet til Eldal var finansiert av HVL. Ho har fått driftsmidlar frå HFD og hadde rettleiar med HFD-adresse. I tråd med regelverket rapporterer HFD på doktorgraden i det nasjonale målesystemet for forskning. Eldal er no førsteamanuensis ved HVL Førde og er knytt til forskingsgruppa Psykisk helse og rus,. Ho har fått interne forskingsmidlar frå HVL til vidare forskning.

Irene Valaker disputerte 29.11.2019 med avhandlinga «Continuity of care across care levels in patients undergoing percutaneous coronary intervention»

<https://www.uib.no/nye-doktorgrader/131831/kontinuitet-etter-gjennomg%C3%A5tt-utblokking-av-hjertets-krans%C3%A5rer> Doktorgraden inngår i eit stort prosjekt der HFD er samarbeidspart<sup>6</sup>. Doktorgradsprosjektet var finansiert av HVL og HB. Valaker, som har stilling som førsteamanuensis ved HVL Førde, skal hausten 2020 vere tilsett i Medisinsk avdeling i HFD for å forske vidare. Prosjektet er finansiert av HV.

## 1.3. Ressursbruk til forskning i HFD 2019

Helseforetaka har dei siste åra saman med universitets- og høgskulesektoren og forskingsinstitutta årleg rapportert til NIFU<sup>7</sup> på ressursbruk til forskning og utvikling. Frå 2018 har ein gått over til rapportering til NIFU annankvart år. Sidan det ikkje vart rapportert på ressursbruk i 2018, er dette årstalet ikkje med i oversiktar under.

<sup>6</sup> <https://helse-bergen.no/avdelinger/hjarteavdelinga/procard/prosjekt#concardpci>

<sup>7</sup> <http://www.nifu.no/> NIFU, Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning, har nasjonalt ansvar for produksjon, analyse og formidling av statistikk og indikatorar for det samla norske FoU- og innovasjonssystemet.



Kva verksemd som skal definerast som forskning, går fram av NIFU sine instruksar. Desse byggjer på same måte som definisjonen på vitskapelege publikasjonar på dokument frå OECD<sup>8</sup>. Det skal rapporterast på midlar frå føretaket si interne budsjetttramme og frå eksterne finansieringskjelder.

Følgjande kostnadar skal rapporterast: Løn, sosiale kostnadar, indirekte kostnadar som husleige, straum, HR osv (som ein funksjon av lønskostnadar), driftskostnadar og utstyr. Tilsette som skal inkluderast med lønskostnadar i definert prosent av full stilling, er følgjande: Dei som forskar, vitskapelege assistentar og laboratoriepersonell som samlar data til forskarane, støtte-, rettleiings- og administrativt personell som arbeider inn mot forskinga.

#### **1.4 Midlar brukt til forskning i 2019 og finansieringskjelder for desse midlane**

Det har vore ein betydeleg auke i midlar brukt til forskning frå 2017 til 2019. Auken i bruk frå eige budsjett er kr 3 845 mill, og auke i eksterne midlar er på kr. 2 280. I 2017 brukte HFD 0,37% av dei totale driftsinntektene i HFD til forskning, medan talet i 2019 var 0,5%. I HFD sin nye nye strategi for forskning og innovasjon er målet at innan 2025 skal 1,2% av det internfinansierte budsjettet nyttast til forskning.

I 2018 og 2019 har det vorte sett av friske midlar årleg til forskning på Helse Førde sitt budsjett. Det har vore auke i ope utlyste forskingsmidlar, HFD har finansiert sitt første ope utlyste PhD-stipend. Vidare er det auka ressursar til forskingsrettleiing og forskingsadministrativ støtte. I tillegg er det er det noko auke i ressursbruk i form av at enkeltpersonar har brukt ein mindre andel av stillinga si til forskning utan at ein har fått dedikerte midlar til dette. Midlar frå eksterne finansieringskjelder er midlar oppnådd i regional eller nasjonal konkurranse. Auken frå eksterne kjelder til forskning er i betydeleg grad midlar frå Norges forskningsråd til prosjektet Norse.

Dersom ein ser på endringar i perioden 2014-2019, ser ein at ressursbruken frå eige budsjett varierer frå år til år. Oppstart av dei to tematiske forskingsssatsingane i 2015 gav eit løft, men så gjekk ressursbruken litt ned att då nokre større prosjekt vart avslutta utan at nye starta opp. Målet no er å halde fram med ei gradvis opptrapping år for år.


*Tabell 2: Midlar brukt til forskning i Helse Førde fordelt etter finansieringskjelder, 2014-2019, i kroner (Kjelde: HFD si rapportering til NIFU, årsrekneskapa for HFD)*

	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2019</b>
Frå eige budsjett i HFD	3 789 000	9 911 358	7 918 000	7 651 550	11 496 966
Konkurransesutsette midlar frå HV	2 918 000	1 712 369	2 695 000	1 220 779	1 161 210

<sup>8</sup> <https://www.nifu.no/fou-statistiske/fou-statistikk/om-fou/definisjoner-og-klassifiseringer/>

Andre eksterne kjelder	523 000	772 822	599 000	1 381 183	2 339 086
<b>SUM</b>	<b>7 235 000</b>	<b>12 396 000</b>	<b>11 212 000</b>	<b>10 253 533</b>	<b>14 997 262</b>

Figuren under framstiller utviklinga i midlar brukt til forskning i HFD i perioden 2012-2019. I perioden 2011-2013 hadde Helse Førde ein profil på forskingsfinansieringa som var heilt annleis enn andre føretak av vår storleik, med lite eigenfinansiering og høg finansiering frå HV, hovudsakleg pga. svært god utteljing i fleire strategiske forskings-satsingar i HV. HFD har fått avgrensa med midlar frå HV dei seinare åra, og dei strategiske satsingane i HV har i avgrensa grad vore innretta mot profilen til dei mindre helseføretaka. Derimot har vi fått andre eksterne midlar.




Figur 3: Midlar brukt til forskning i Helse Førde fordelt etter finansieringskjelder, 2012-2019, i kroner (Kjelde: HFD si rapportering til NIFU, Årsrekneskap HFD)

\*Tala for 2018 er eit estimat sidan det ikkje vart gjort ei offisiell rapportering dette året.


### 1.5 Kven bidreg til forskning i Helse Førde i 2019

58 tilsette bidreg til forskning i del av stillinga si i HFD. Fagbakgrunnen til desse går fram av figur 4.



Figur 4: Fagbakgrunn til tilsette som bidrog til forskning i 2019.

Dei fleste som jobbar med forskning i HFD, gjer dette som ein liten del av stillinga si.



Figur 5: Tal tilsette som brukar arbeidtid på forskning, fordelt etter stillingsstorleik dei nyttar til dette.

2/3 av dei som brukar tidsressurs til forskning i HFD, nyttar mellom 1,5% og 19% av ei full stilling til dette. Dette omfattar hovudsakleg følgjande grupper: a) klinikarar med forskingstid finansiert av avdelinga eller frå utlyste midlar i HFD b) forskingsassistentar /studiesjukepleiarar c) seniorforskarar med bistilling i HFD.

Dei som nyttar 50% eller meir av ei full stilling til forskning, er i hovudsak desse: a) phd-stipendiatar eller postdoc, som i all hovudsak er eksternfinansierte, og b) personar med funksjonar innan forskingsleiing/adminstrasjon. Den som er registrert med størst stilling til forskning i HFD, er ein PhD-stipendiat i kirurgisk avdeling.

Alle klinikkane har nokon som forskar i 50% eller meir. Nokre av desse er tidleg i eit PhD-løp, og først om fleire år kan det forventast publikasjonar. Det er såleis slik at ein stor stillingsandel til forskning ikkje treng bety at det vert mange forskingssøknadar og forskingspublikasjonar. Dette er i stor grad avhengig av kompetansen til vedkomande.

## 1.6 . Tematiske forskingssatsingar i Helse Førde

Helse Førde har to tematiske forskingssatsingar; Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO) og Psykisk helse og rus (PHR), som i 2019 hadde sitt fjerde år som tematiske satsingar i føretaket. Årsrapport for 2018-2019 ligg vedlagt saka.

PHR har særleg fokus på kliniske feedbackssystem og kvalitetsregister på sjølvrapporterte data innan psykisk helse, implementeringsforskning, intervensjonsforskning innan psykisk helsevern, samt forskning på brukarmedverknad i tenesteutvikling. Forskingsatsinga er open for tilstøytande forskningstema når det er tilstrekkelege referansepunkt av fagleg art.

FLO har særleg fokus på forskning i spennet mellom behandling og førebygging av livsstilrelaterte lidningar hos menneske i alle aldrar, med vekt på tema som fedme, livsstil og pasientrapporterte data. Gruppa har også prosjekt med referansepunkt med det ovanforståande av fagleg og/eller metodisk art. Dette omfattar m.a. pasientrapporterte data for ulike pasientgrupper.

Gruppene er felles for Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet (HVL) organisert gjennom Helseforskning Sogn og Fjordane, og fleire i begge gruppene har delte stillingar mellom HVL og HFD. Det har vore høg aktivitet i begge gruppene. Nokre oppsummerande punkt frå 2019:

Folkehelse, livsstil og overvekt

- 15 publikasjonar med forfattarar med Helse Førde-adresse

- 18 medlemmer frå HFD. Desse kjem frå ei rekkje avdelingar og alle klinikkane samt stab og støtte. I tillegg kjem forskarar frå HVL og assosierte frå andre institusjonar. Gruppa har fleire seniorforskarar.
- Fire doktorgradsstipendiatar, derav to i Kirurgisk klinikk og ein i Medisinsk klinikk
- Gruppa er svært tverrfagleg

#### Psykisk helse og rus

- 14 vitenskaplege publikasjonar med forfattarar med Helse Førde-adresse
- 16 medlemmer frå HFD. Medlemane kjem frå Psykisk helsevern og Stab og støtte. I tillegg kjem forskarar frå HVL og assosierte medlemmer frå andre institusjonar. Gruppa knytte i 2019 til seg meir seniorforskningskompetanse.
- Gruppa har fem doktorgradsstipendiatar og ein postdoktor
- Gruppa fekk i 2019 tilslag på eit nytt postdoc-stipend

I begge gruppene er det prosjekt som undersøker ulike sider ved digital samhandling med pasientar og persontilpassing av helsetenestene ut frå den enkelte sine helseproblem og ressursar,, somatisk, psykisk og slik pasienten sjølv vurderer det. Vi erfarer betydeleg nasjonal interesse når det gjeld dette.

Prosjektet *NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems*, finansiert av Norges forskningsråd, har utløyst eit produktivt samarbeid mellom dei to gruppene. Prosjektet har gitt eit løft til begge satsingane og har danna basis for nye prosjektsøklar . Ein ser også at kunnskapen som vert utvikla er svært relevante knytt til andre pasientgrupper med samansette utfordringar.

### 1.7. Prisar

I rapporteringa for året 2019 vil vi til slutt trekkje fram prisar to av våre tilsette har fått.

Kaya Kvarme Jacobsen, LIS lege med doktorgrad ved Ortopedisk avdeling, har fått to prisar for forskinga si innan ortopedi, på Radiologisk haustmøte og på Ortopedisk haustmøte.<sup>9</sup> Forskinga omhandlar genetiske risikofaktorer for hofteladdsdysplasi.

Christian Moltu fekk innovasjonsprisen i Helse Vest på den årlege forskingskonferansen til Helse Vest<sup>10</sup>, for forskings- kvalitets- og innovasjonsprogrammet Norse Feedback.

---

<sup>9</sup> <https://helseforskning.no/to-forskingsprisar-til-lis-lege/>

<sup>10</sup> <https://helse-vest.no/nyheter/nyheter-2019/takka-pasientane-for-prisane-pa-arets-forskingskonferanse>

Moltu er psykologspesialist og fagsjef ved Psykiatrisk klinikk, og professor II ved HVL. Dette er første gong ein forskar frå HFD har fått pris på denne konferansen.

Det er ikkje obligatorisk å legge inn informasjon i forskingsdokumentasjonssystemet <https://www.cristin.no/>. Det finst såleis ikkje ein samla oversikt over prisar forskarar i HFD vert tildelte.

## 2. Status aktivitet første halvår 2020

### 2.1 Disputasar

Hege Kristiansen disputerte i mai 2020 med avhandlinga «The vulnerable child in an obesogenic environment». <https://www.uib.no/nye-doktorgrader/135386/s%C3%A5rbare-barn-i-et-fedmefremmende-samfunn>.

Prosjektet var finansiert av Helse Vest og Helse Førde. Hege Kristiansen er overlege ved barneavdelinga ved Førde sentralsjukehus og tilknytt forskingsgruppa Folkehelse, livsstil og overvekt. Ho har også bistilling ved UiB.

Runar Tengel Hovland disputerte i mai 2020 med avhandlinga «Kliniske tilbakemeldingssystemer i psykisk helsevern –implementering og praktisering» <https://www.uib.no/nye-doktorgrader/135422/hvordan-virker-tilbakemeldingssystemer-i-psykisk-helsevern>. Runar Tengel Hovland er tilsett som seniorrådgjevar i Fag og utviklingsavdelinga, seksjon for forskning og innovasjon, og er tilknytt forskingsgruppe Psykisk helse og rus.


### 2.2 Status søknader

#### Interne søknadar for 2020

Hausten 2019 kom det inn til saman 17 søknader på dei opne og dei strategiske forskingsmidlane i HFD for 2020, mot 18 året før. Nokre søkte også andre kjelder og fekk frå desse kjeldene, og vart derfor ikkje vurderte. Nokre søkte både opne og strategiske forskingsmidlar på same prosjektet, men fekk berre midlar i den eine kategorien. Alle søknadar som vart vurderte som støtteverdige fekk interne forskingsmidlar. Dette omfattar ni søknadar, og fekk tildeling på samla sum vel 1,5 millionar kroner.


Grunna permisjon/vakans er det ledige restmidlar. Desse er utlyste på nytt og vert tildelte i juni 2020.

Det er gjort ei kartlegging av eventuelle forsinkingar grunna Covid 19-situasjonen. Nokre av prosjekta har fått forsinkingar.



Figur 6: Søknadar og innvilga søknadar for 2020, fordelt etter klinikk

Med eit avgrensa tal søknadar varierer det frå år til år kor mange søknadar som kjem frå kvar klinikk. Det har vore ei målsetjing å få opptalet søknadar frå Medisinsk og Kirurgisk klinikk. Det har vidare vore ei målsetjing at fleire legar søker på midlane, og her har det vore ei positiv utvikling. Oversikt over innsende og tildelte søknadar dei siste fem åra viser denne fordelinga mellom klinikkane:




Figur 7: Søknadar og innvilga søknadar for 2016- 2020, fordelt etter klinikk.

Alle søknadar om interne forskingsmidlar vert tildelt etter tilråding frå ein vitenskapleg komite, og alle søkjarar får skriftleg evaluering frå komiteen. Det vert halde oppstartmøte med søkjar, leiar og eventuell rettleiar (dersom søkjar ikkje har doktorgrad)

### Søknadar til Helse Vest for 2020

Til den årlege søknadsfristen om ope utlyste midlar i Helse Vest 15. september vart det i år sendt inn 8 søknadar frå Helse Førde. Desse fordelte seg på fire doktorgradsstipend, tre fleirårige prosjekt og eit postdoc-prosjekt. Tre av søknadane var frå Medisinsk klinikk, ein frå Kirurgisk klinikk, to frå PHV og to frå Fag og utviklingsavdelinga. Fem av søknadane var nye.



To prosjekt fekk tildeling:

- «Personalized deterioration alarms in mental health: Improving treatment effectiveness and patient safety». Postdoc-prosjekt, Andrew McAlevey, Fag- og utviklingsavdelinga. McAlevey er psykolog med PhD. Prosjektet inngår i miljøet rundt NORSE forskningsrådsprosjekt.
- «Genetiske risikofaktorer for hofteladdsdysplasi i norske kohortstudier». Fleirårig prosjektstøtte, Kaya Kvarme Jacobsen, LIS-lege, PhD, Ortopedisk avdeling. Prosjektet er del av eit større prosjekt der HB, UiB og andre deltek. Lokalt er det samarbeid med barne- og ungdomsavdelinga og radiologisk avdeling.

Det er første gong HFD har nådd opp i konkurransen om fleirårig prosjektstøtte.



Fem av prosjekta som søkte HV har fått interne midlar til vidareføring/vidareutvikling i 2020.

Ein tredje tilsett i HFD, Anette Wolff, forskingskoordinator PhD, fekk også midlar frå HV på ein søknad som utgjekk frå HB i nært samarbeid med UiB. (Wolff har også stilling ved UiB som forskar). Ho fekk tildelt HV sitt karriereutviklingsstipend, som vert gitt til ein ung framifrå forskar. Prosjektet heiter «Deciphering mechanisms of regulatory T cells in organ specific autoimmune disorders in order to identify therapeutic target». Wolff har i stipendperioden permisjon frå stillinga si i fag- og utviklingsavdelinga i HFD.

### **Andre eksterne søknadar**

Helse Førde var partner i ein EU-søknad våren 2020, saman med institusjonar i Storbritannia, Sveits og Portugal. HVL var også partner. Søknaden utgjekk frå Anna Freud Centre, London. Tittel: ANimation-based interaction Monitoring - A paradigm-shifting personalized system for youth mental health». Prosjektet har særleg fokus på unge frå minoritetsgrupper. Søknaden fekk gode vurderingar, men nådde ikkje opp i konkurransen.

Forskningsgruppene PHR og FLO sende saman søknad til Høgskulen på Vestlandet, som del av høgskulen si satsing mot å bli universitet. Prosjekttittel er «Helseforskning som byggjer bru mellom psykiske og somatiske helsetenester», og omhandlar persontilpassa helsetenester for menneske med sjukleg overvekt. Denne søknaden vart innvilga, og ein får med det styrka miljøet med endå ein postdoc-kandidat. Slike kandidatar er vesentleg for å få fleire med professorkompetanse i vårt lokale miljø.

### **2.3. Lokal behandling – internasjonal forskning**

Så langt vi kjenner til, var psykiatarane Thorleif Ruud og Egil Martinsen dei første som publiserte vitenskapleg der prosjektleiinga var i vårt sjukehus. Desse tok i si forskning utgangspunkt i pasientane og behandlinga som vart gjennomført her. Systematisk kartlegging der pasienten si stemme var viktig var ein del av deira forskning.

For nokre år sidan kom ein artikkel der langtidsresultat for personar som hadde vore pasientar ved Nordfjord Psykiatrisenter ved Nordfjord Psykiatrisenter vart publisert, under rettleiing av Ruud. For få veker sidan kom ein ny artikkel, denne gongen under rettleiing av Egil Martinsen og John Roger Andersen. Artikkelen byggjer på data som er unike internasjonalt. Å finne att tidlegare pasientar så mange år etterpå, og at dei har sagt seg viljuge til å delta i prosjektet, er uvanleg. Artikkelen er eit godt døme på nært samarbeid mellom erfarne klinikarar og erfarne forskarar.

Artikkelen viser svært god langtidseffekt av behandlinga som vart gjennomført ved Førde Sentralsjukehus for opp til 31 år sidan: *To the best of our knowledge, this study has the longest follow-up after group CBT for panic disorder and agoraphobia, showing a good prognosis in ≥93% of the participating patients.*<sup>11</sup>

Bilet et al. *BMC Psychiatry* (2020) 20:259  
<https://doi.org/10.1186/s12888-020-02679-w>

BMC Psychiatry

RESEARCH ARTICLE
Open Access

## Cognitive behavioral group therapy for panic disorder in a general clinical setting: a prospective cohort study with 12 to 31-years follow-up

Truls Bilet<sup>1†</sup>, Torbjørn Olsen<sup>1†</sup>, John Roger Andersen<sup>2,3\*</sup> and Egil W. Martinsen<sup>4,5</sup>



Artikkelen ligg offentleg tilgjengeleg for alle, såkalla open access.

### 3.0 Kompetanse

Under vert status når det gjeld doktorgradskompetanse i Helse Førde presentert. Ei doktorgradsutdanning vert rekna som forskarutdanning. Etter helseforskningslova er det som regel eit krav at prosjektleiar skal ha doktorgrad eller rettleiar med doktorgrad. Dette kravet ligg ikkje til medarbeidarar i forskning.

#### 3.1. Tilsette med doktorgrad

Det er registrert 29 medarbeidarar med doktorgrad i HFD. Tabellen under omfattar personar med stillingsstorleik i HFD frå 10 prosent og oppover.

Namn	Klinikk	Avd	Delt stilling/bistilling
Gustafsson, Mikael	Med	Med	Linköpings universitet
Hjetland, Reidar	Med	Mikrob	
Kristiansen, Hege	Med	Barn og ungd	UiB
Mielnik, Pawel Franciszek	Med	ANRR	
Morrison, Kirsten Eva	Med	Hud	
Sund, Bjørn Ståle	Med	Patologisk	

<sup>11</sup> <https://bmcp psychiatry.biomedcentral.com/track/pdf/10.1186/s12888-020-02679-w>

Szatkowski, Damian Lukasz	Med	Kreft	
Behme, Jan Horst	Kir	Kir	
Jacobsen, Kaya Kvarme	Kir	Kir	
Mader, Simone	Kir	Ort	
Andrew McAleavey	Stab	FAU	Cornell University
Moltu, Christian	PHV	PSK	HVL
Piel, Edgar Peter Josef	PHV	PHVBU	
Renkel, Sabine	PHV	PSK	
Riise, Eli Nygaard	PHV	PHVBU	
Vikar, Andras	PHV	PHVBU	
Aasprang, Anny	Stab	FAU	HVL
Andersen, John Roger	Stab	FAU	HVL
Bedane, Hajir Kediri	Stab	FAU	
Holsen, Maria	Stab	FAU	
Hovland, Runar Tengel	Stab	FAU	
Kolotkin, Ronette	Stab	FAU	Duke University, HVL
Kvalheim, Tarja R	Stab	FAU	UiB
Løkke, Tina Vie	Stab	FAU	HVL
Jane Ogden	Stab	FAU	University of Surrey
Mellor-Clark, John	Stab	FAU	Birmingham University
Natvik, Eli	Stab	FAU	HVL
Resaland, Geir Kåre	Stab	FAU	HVL
Wolff, Anette *	Stab	FAU	UiB

\*Permisjon frå stillinga i HFD pga fått karrierestipend i HV, med utgangspunkt i stillinga si ved UiB

*Tabell 1: Tilsette i HFD med doktorgrad, juni 2020.*

Tal tilsette med doktorgrad i Fag- og utviklingsavdelinga har auka betydeleg dei siste åra, hovudsakleg grunna at det er rekruttert personar med doktorgrad inn i stillingar i Helseatlas (HA) og Samhandlingsbarometeret (SB). Fem av dei som jobbar med HA og SB har Phd. Fleire av dei andre med doktorgrad i FAU har ein liten stillingsbrøk. Å ha stilling også i uh-sektoren gjev som regel tilgang til eit større akademisk nettverk, infrastruktur og andre ressursar, og bidreg til auka samarbeid på tvers av sektorane, i tråd med regionale og nasjonale mål.

### **3.2. Tilsette i doktorgrads- og postdoktorløp**

Åtte personar i HFD er i formell forskarutdanning (PhD) dvs. har opptak i doktorgradsutdanninga ved eit universitet eller høgskule og er i formelt doktorgradsløp. Opptak føreset at kandidaten har garanti for fullfinansiering av prosjektet. I tillegg er det ein person i postdoktorløp. Postdoktor er ei karrierestilling retta inn mot professorkompetanse. Begge typar stillingar er som hovudregel tre

årsverk, som skal fordelast over 3-6 år. Tida skal i all hovudsak brukast til å gjennomføre eit større forskingsprosjekt. Dei fleste kandidatane har arbeidd med/søkt om finansiering i fleire år før prosjektet starta opp.

Namn		Avd	Klinikk	Fag- bak- grunn	Tittel (populærvitskapleg)	Lokal retteleiar	Finansi- ering
Anja Myhre Hjelle	PhD	ANR R	MED	Lege	Beinskjørheit og blodprøvemarkør på cøliaki hos pas. med underarms- og ankelbrot i S og Fj.	Pawel Mielnik	UiB
Kirsten Lerum Indrebø	Phd	Kir	KIR	Sjukespleiar	Oppfølging av stomiopererte, klinisk tilbakemeldingssystem	John R Andersen	Norsk Sykepl.-forbund
Florin Hopland -Nechita	PhD	Kir	KIR	Lege	Severity of lower urinary tract symptoms	John R Andersen	HFD <sup>12</sup>
Gøril Kleiven	PhD	PSK	PHV	Psyko- log	Korleis er arbeid med emosjonar i terapi med på å skape endring?	Christian Moltu	HFD <sup>13</sup>
Kristina Osland Lavik	Phd	PSK	PHV	Psyko- log	Alliansedanning i dei fem første terapitimane.	Christian Moltu	HV
Stig Magne Solstad	PhD	PSK	PHV	Psyko- log	Pasientar si oppleving av bruken av tilbakemeldingssystemet NORSE	Christian Moltu	HV
Ingvild Engh Vattø	Phd	PSK	PHV	Psyko- log	Lavterskeltilbod til menneske i krise – Kirkens SOS hjelpetelefon	-	Stiftinga DAM
Toril Terum	PhD	FAU	STAB	Sjukespleiar	Pårørandestress ved Levy-Body demens	John R Andersen	NFR m.fl. <sup>14</sup>
Eli Natvik	Post- doc	FAU	STAB	Fysio- terapeut	Psykososiale aspekt ved fedmekirurgi og oppfølging etter fedmekirurgi	Ikkje aktuelt	NFR

Tre av psykologane går i eit såkalla dobbelkompetanseløp, dvs. at dei tek doktorgrad og spesialisering parallellt, i løpet av sju år. Dei fleste av kandidatane har internasjonale samarbeidspartar i sine prosjekt. Fleire nærmar seg slutføring av doktorgraden. Ein ny postdoc finansiert av HV startar opp 1. juli 2020.

<sup>12</sup> Intern stipendgaranti. Søkjer UiB om opptak. Krav om å årleg søkje Helse Vest.

<sup>13</sup> Finansiéringgarantien frå den strategiske forskingssettinga Psykisk helse og rus. Krav om å årleg søkje Helse Vest.

<sup>14</sup> Norges Forskningsråd (gj. Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling, Helse Stavanger) 50%, Førde kommune 25%, HFD 12,5%, HVL 12,5%.

Vi har registrert fem personar med doktorgradsprosjekt under planlegging, fordelt på to i Medisinsk klinikk og to i PHV. Fire av desse har fått interne FoU-midlar til utvikling eller pilotering, og fleire av dei har søkt Helse Vest. Det må påreknast utviklings- og søknadsarbeid over fleire år før prosjektet får fullfinansiering. I denne perioden kan dei aktuelle søkje interne midlar til t.d. pilotering, vidareutvikling eller å skrive ein artikkel som gjer ein meir kvalifisert til å få finansiering av doktorgrad.

#### 4.0. Kliniske behandlingsstudiar

*Klinisk behandlingforskning omfatter inklusjon av pasienter og har som formål å forbedre eksisterende behandlingsrutiner, inkludert bruk av legemidler og medisinsk teknologi, og/eller å utvikle og evaluere nye.<sup>15</sup>*

Det er eit nasjonalt mål at fleire pasientar og pasientar frå heile landet, skal få tilbod om å delta i klinisk behandlingforskning, også kalla kliniske behandlingsstudiar. Utprøving av legemiddel er dei mest vanlege kliniske behandlingsstudiane. Deltaking i slike studiar gjev pasientar høve til å vere med i utprøvande behandling. Eit nasjonalt indikatorsystem for å rapportere på klinisk behandlingforskning er utvikla<sup>16</sup>. Dette skal inngå i det nasjonale målesystemet for forskning. Resultat frå rapportering for 2019 vil vere klar 1. juli 2020. Dette vert det første året med denne ordninga.

Helse Førde har dei siste åra arbeidd målretta med å få opp eit system og ressursar rundt kliniske legemiddelstudiar.



Det er i 2020 oppretta to nye stillingar som det no er tilsett i: Ein studiesjukepleiar i 40% som arbeider med kliniske studiar i kreftavdelinga, finansiert av avdelinga. Vidare er det tilsett ein studiekoordinator i 60%. Denne stillinga er plassert i Fag- og utviklingsavdelinga og skal arbeide inn mot alle aktuelle avdelingar.

Begge stillingane er faste, og inngår i opptrapping innan forskning i HFD. Dei to nytilsette, Annelin Hennessy Fagerstrøm og Anne Solveig Tråseth vart presenterte på

<sup>15</sup> <http://kliniskforskning.rhf-forsk.org/om-programmet/>

<sup>16</sup>

[https://www.regjeringen.no/contentassets/4516918b0e52454a81ee3c92c4685ee6/arbeidsgrupperapport\\_indikatorer-for-kliniskebehandlingstudier-og-pasienter-som-inngar.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/4516918b0e52454a81ee3c92c4685ee6/arbeidsgrupperapport_indikatorer-for-kliniskebehandlingstudier-og-pasienter-som-inngar.pdf)

Verdsdagen for kliniske studiar, som var den 20. mai.

## 5.0. Samhandlingsbarometeret og helseatlas

Samhandlingsbarometeret og helseatlas ligg ved seksjon for Forsking og innovasjon i Fag –og utviklingsavdelinga.

Helseatlas<sup>17</sup>:

Helseatlas lanserte sitt andre atlas 10. juni, Helseatlas for psykisk helsevern og rusbehandling: Oversikt og analyse i bruk av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar i Noreg frå 2014-2018. Det var stor interesse for atlaset nasjonalt, og helseminister Bent Høie deltok elektronisk på lanseringa. Arbeidet med atlaset har vore krevjande, då data innan psykisk helsevern kan vere noko mangelfulle, samstundes som kodepraksisen endra seg i løpet av perioden ein har data frå. Dette har skapt utfordringar når det gjeld å kunne «telje riktig», og samanlikne helseregionane.

Gruppa har parallelt med arbeidet med oversiktsatlasen også begynt å sjå på neste atlas. Dette skal omhandle pasientar i psykisk helsevern som også får somatiske helsetenester.

Samhandlingsbarometeret<sup>18</sup>:

Samhandlingsbarometeret er ein nettstad som skal gjere kunnskap tilgjengeleg for kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta i opptaksområda til barometeret. Det er ein statistikkbank som hentar data frå mellom anna KOSTRA<sup>19</sup>, som m.a. har kommunedata, Folkehelseinstituttet, og Helsedirektoratet. Barometeret starta som eit samhandlingsbarometer for Sogn og Fjordane, men har utvida til no å omfatte alle føretak i Helse Vest og Helse Nord. I samband med dei nye helsefelleskapa som er under etablering har gruppa begynt å sjå på kva type data om dei fire pasientgruppene som er relevante å sjå på i eit samhandlingsperspektiv. Dei fire pasientgruppene er barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar og rusavhengigheit, skrøplege eldre, og personar med fleire kroniske lidningar.

---

<sup>17</sup> [www.helseatlas.no](http://www.helseatlas.no)

<sup>18</sup> [www.samhandling-sfj.no](http://www.samhandling-sfj.no)

<sup>19</sup> <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra>